

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 4 - desember 2000

Innbald:

Enkelt - men elddivst	s. 2
Årsmøtet 2001	s. 2
Heimesida	s. 3
Grønt spatak	s. 3
Ikkje løk og lur	s. 4
Enkelt skal det ikkje vera!	s. 5
Internasjonale kontaktar	s. 5
Mellom romantikk og realisme	s. 6
Seminar om stølsdrift på Fagernes	s. 6
Setring langs fjord og kyst	s. 7
Gamalosten	s. 7
Hei! Vil du jobbe her?	s. 8



Norsk
Seterkultur

IKKJE LOKK OG LUR

- Eg byr ikkje på lokk og lur og bunad, berre ei oppleving av setra vår slik den er. Det er Ingrid Arneng, geitbonde i Vestre Slidre med støl i Øystre Slidre, som seier det slik. Saman med mannen, Harald Lund, driv ho garden Sørre Skjel - der hovudproduksjonen er geitmjølk. Garden vert dreven økologisk og dei 80 årsgeitene utgjør tyngda av buskapan. Produksjon av spekemat, i form av kurv av eigenprodusert geitkjøt, litt urtedyrking og stølsturisme gjer bruket til ein allsidig arbeidsplass for både to. Sjelstølen ligg oppe under Bitihødn, berre om lag ein kilometer frå riksveg 51 over Valdresflya. I dette området er det i alt fem stølar i drift, to med geit, ein med ku og geit og 2 med ku.

Skjelstølen ligg nesten 1000 meter over havet, og Ingrid og Harald har geitene der frå om lag 1. juli til 10. september. Geitene på Sørre Skjel kjevar i februar og mars, eit opplegg som sjølsagt inneber at mykje av mjølka skal produserast i beitetida. Om våren, før det ber til støls, går geitene i ei inngjerda hamning nær garden. Når dei kjem nedatt i september får dei beite håa på innmark - for dei slær berre ein gong. - Det er gode beite i stølsområdet, og geitene mjølkar i snitt om lag 2 liter om dagen - på 3-4 hg kraftfor, FK Formel Geit. Om dagen beiter dei heimover mot bygda, natta tilbringer dei derimot høgt oppe i bratte lia mot Bitihødn. Og gjernast kjem dei att i rett tid til mjølking. Men Ingrid fortel at dei kjem litt seinare heim etterkvart som myrkret heng i lengre om morgonen. Da kan det bli litt travelt å bli ferdig før tankbilen kjem. Ho fortel elles at det

meste av mjølka går til meieriet i Hemsedal - så lenge *det* varar!, men noko blir tørka i Brumunddal - og etterkvart sendt til Taiwan!

Det var turistkontoret som tok initiativet til å lage eit opplegg for turistar som ynskjer seg stølsbesøk. Og Ingrid meldte interesse. To ettermiddagar i veka får turistar koma til støls, eta heimelaga mat og delta i fjøset. Ingrid føler det er gjevande å "opne" stølen på denne måten, og gi både born og vaksne høve til nærkontakt med dyra og seterstellet. Fjøset er opphavleg frå 1930-talet, bygd for ku og relativt stort. Det er ominnreidd slik at det passar for geitflokkene. Og rørmjølkanlegg er det der, som heime. Utanfor er det ei inngjerda kvie, der geitene får sleppe inn når veret er surt. Selet er bygd av ein anleggsbrakke - men opphaldsrommet på 20-25 kvadratmeter tener til føremålet for dei besøkjande - når dei skal ha seg ein matbit og få kunnskap om seterdrifta.

Tilbakemeldingane er gode, mange gir uttrykk for at stølsbesøket har vore høgdepunktet i sommarferien, fortel Ingrid, som legg til at dei har satse medvete på å halde investeringane nede - anten det gjeld stølsturismen, spekematproduksjonen eller urtedyrkinga. På stølen er bygningane enkle, men folk trivst der. - Trivsel og varme må skapast. - Du kan gjerne seie at det gjeld å materialisere dette med hjarterom og husrom, slær Ingrid fast.

Framtid for stølsdrifta i dette området? - Fleire har slutta av di ingen ville overta. Men eg er likevel ikkje i tvil om stølen og stølsdrifta styrkjer sjansen for at nokon vil overta gardsbruka her. Stølsli-

vet er godt for både dyr og folk, og gir grunnlag for verdiskaping og inntekter i tillegg til det tradisjonelle. Ingrid fortel at det er ikkje så mange i dette området som har satsa på stølsturisme, men at ting er i endring. I Øystre Slidre er det eit bygdemobiliseringsprosjekt som m.a. tek sikte på auke verdiskaping i tilknytning til stølsdrifta. Og med den store turisttrafikken i området, er det avgjort plass for fleire med tilbod for turistar, seier Ingrid.

”Mellom romantikk og realisme.

Om seterlandskapet som ideal og realisme”

er tittelen på ei avhandling som Karoline Daugstad har skrevet til forsvar for graden dr. polit. ved NTNU. Disputasen fant sted i september, og Seterbrukaren nytter høvet til å gratulere.

Leserne av Seterbrukaren kjenner Karoline m.a.som medlem i styret for det avslutta prosjektet Norsk senter for seterkultur - som førte fram til skipinga av Norsk seterkultur, for foredrag på fleire seminar i regi av prosjektet og artikler i medlemsbladet. Avhandlingen er utført ved Geografisk institutt, NTNU. - Karoline Daugstad er nå tilsatt som forskingsleder ved Senter for bygdeforskning i Trondheim.

I Senter for bygdeforskning sin omtale av avhandlingen går det fram at Karoline Daugstad i avhandlingen analyserer ”hvordan idealbilder skapes og hvordan de framstår i forhold til realiteten - i betydning det fysiske landska-

pet som seterbruket har formet. Seterbruket som ressursbruksform har hatt avgjørende betydning for norsk landbruk, spesielt i det førindustrielle landbruket. Seterkulturen og seterlandskapet har videre vært tema innen norsk kunstliv, både i malerisk og skriftlig form, og spesielt som del av formingen av selve ”det norske” i lys av nasjonalromantikken i andre halvdel av 1800-talet. - Innenfor landskapsgeografien gir avhandlingen et eksempel på hvordan oppfatninger og vurderinger av landskap bidrar til å forme det fysiske landskapet. Avhandlingen er slik et bidrag innen det som kalles den nye kulturgeografien, hvor det legges vekt på tolkning, vurdering og meningsinnhold i våre omgivelser. I en videre sammenheng er studien viktig ved å belyse hvordan natur- og kulturminne- og landbruksforvaltningen mål, idealer og strategier for kulturlandskap, og spesielt seterlandskap, er påvirket av andre enn forvaltningen selv - av kunsten, vitenskapen, næringslivet og andre samfunnsforhold”.

ENKELT - MEN EKSKLUSIVT

- Gjer det enkle eksklusivt, er det einkvan som har sagt - om utviklinga av reiselivsprodukt. Og innan det vi gjerne kan kalle ”stølsturisme” finst det mange døme på dette. Etterkvart er det mange som utviklar tilbod på setra, som gir den einskilte seterbrukaren kjærkomne inntekter og samstundes store ringverknader for dei meir tradisjonelle reiselivsverksemdene i nærleiken. Vi har her i bladet omtala fleire setre med tilbod for turistar, som utfrå enkle bygningar og små investeringar har skapt vellukka produkt som folk gjerne betaler godt for. Når det kjem til stykket er nok dei menneskelege verdiane ein legg inn i eit reiselivsprodukt viktigast. Det hjelper ikkje med store, staselege husrom om hjarterom vantar.

Seterdrifta er generelt prega av det enkle, men likevel funksjonelle. Både bygningane og setervollane viser stor variasjon, m.a. etter topografi, tilgang på bygningsmaterial og økonomiske vilkår for gardsdrifta elles. Bygningane er gjerne prega av ”gjenbruk”, og står fram i så mang slag bunad.

Ideala - og det idealiserte - finst nok. Somme tykkjer det litle vestnorske seterselet - som mest er eitt med steinura - knapt fortener omtale. Andre gremmest over seterbuar austafør som til forveksling liknar husbankhus frå 60-talet. I dette biletet er det viktig at vi både tek vare på og vidareutviklar mangfaldet. Det er mangfald, det enkle, men funksjonelle som pregar seterkulturen vår. Og dette dannar grunnlag for at mange setre kan utvikle attraktive tilbod for turistar - og vera gode utstillingsvindauge for landbruket vårt.

Det enkle og funksjonelle bør óg vera ei rettesnor i utviklinga av seterdrifta på andre område. Vi får jamnt henvendelsar frå bønder som syslar med tanken om å ta opp att seterdrifta (eller forbetre eksisterande drift), men

som møter krav til standard på t.d. fjøs og veg som så store hinder at dei nærast gir opp. Ein del av desse krava er nok naudsynte, men det burde vera rom for større fleksibilitet og dermed enklare løysingar. Med den økonomien vi opplever i mjølkproduksjonen no, er det grenser for kva ein kan investere i bygningar o.a. på stølen. Såleis er det ei utfordring å finne løysingar som gir ein billegare inngangsbillett til ei framtid på stølen. Også her har vi tradisjonar å ta vare på.

Mange seterhus har gått tapt, men framleis er det óg mykje gamalt å ta vare på. Særleg no når mange ser seg om etter fleire føt å stå på i gardsdrifta, er det viktig å finne nye funksjonar for denne bygningsmassen. Når det gjeld så enkle hus som stølshusa, skal det mykje til for at det ikkje er botvon! På mange seterstølar er fjøsa snart borte, og med overgangen til reine "hyttebyar" forsvinn såleis både verdfull kunnskap og estetiske særmerkje. Mange uthus - t.d. fjøs som har vorte erstatta av nybygg - representerer eldgamle bygnings- og teknikkar som folk set pris på å sjå, og kan ofte med enkle middel stellast til for ny bruk - til overnatting, opphaldsrom eller lokale for servering. Eit anneks, t.d. soverom, bygd inne i eit gamalt fjøs er gjerne ei betre løysing enn tilbygg til gamle buer med stygge stilbrot som resultat. - Mange stader blir det no teke initiativ til å få utarbeidd reguleringsplanar med retningsliner for framtidig utvikling av gamle setermiljø. Det ligg store verneverdiar, men óg potensiale for ny verdiskaping, i både bygningar og kulturlandskap. Og dette får vi håpe både setereigarane og styresmaktene tek på ålvor.

Jostein

SETRING LANGS FJORD OG KYST

Lokalhistoriske bøker om seterdrifta finst det mange av - og stadig kjem det nye tilskot i denne floraen. Vi har oversikt over ein del av denne litteraturen, men høyrer gjerne om nye boktiltak - og Seterbrukaren sine spalter er sjølsagt opne for presentasjonar og bokomtalar.

Tankane går gjerne til innlandsbygdene og høgjellet når det er tale om setre og seterdrift. Men fjord- og kystbygdene har óg rike setertradisjonar. Det får vi ikkje minst dokumentert i Marit Holme Mehlum si nyutkomne bok: "Seterbruket på Nordmøre. En studie av seterbruksformer i ytre og midtre strøk". Boka omtalar m.a. dei ulike seterbruksformene, seterprodukta, haustinga av fó i utmarka, seterhusa og sjøbruk og fedrift. Vi får presentert skildringar av drifta på ein del einskilt-setre, litt om tru og skikk - og kart over setrene i det undersøkte området - dvs. kommunane Tingvoll, Gjemnes, Eide, Frei, Averøy, Tustna, Smøla, Halså og Aure. Forfattaren kallar prosjektet Seterdrift på Nordmøre, som starta i 1994, ein "redningsaksjon". Det hasta med innsamlinga av materiale om seterdrifta i dette området, for det meste var avvikla for 50- 150 år sidan. Det innsamla kjeldematerialet omfattar óg dei indre områda, Rindal, Surnadal og Sunndal, men boka måtte avgrensast til ytre og midtre strøk av Nordmøre. Mange dyktige informantar har gjort boka muleg, ikkje minst har bondekvinnelaga gjort ein stor innsats.

Som det blir sagt i føreordet så er ikkje boka noka fullstendig kartlegging eller registrering av seterdrifta i området. "Boka vil forhåpentligvis stimulere til vidare utforskning av seterdrifta i dei enkelte kommunene". Og det er det neppe nokon tvil om at denne boka vil gjera. Det er eit svært grundig og godt arbeid som er gjort, og som gjerne kan danne

modell for andre område. Om det er lite att av aktiv seterdrift no i dette området, så er vi visse på at mange vil lesa denne boka med stor interesse. Marit Holme Mehlum har for øvrig óg skreve boka "Stølsdrift i Nes i Hallingdal" (1995).

